

Ole Arvid Låstad
Tresvikvegen 52
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/644 - 22/6412

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
04.08.2022

Løyve til frådeling av bustadtomt på gbnr 131/39 - Fonnes

Administrativt vedtak. Saknr: 078/22

Vi syner til søknad motteke 30.05.2022

Vedtak

Austrheim kommune gjev herved løyve til omsøkt frådeling av bustadtomt på eidegom gbnr. 131/39 på Fonnes. Grunngjevinga for vedtaket er at søknad er i tråd med Områdeplanen for Nordre Fonnesvågen. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om frådeling av om lag 1.4 dekar regulert bustadtomt på Fonnes. Delingssøknaden er i tråd med Områdeplanen for Nordre Fonnesvågen, den vart godkjent i kommunestyret i 2015. Eigar skal selja dette omsøkte tomtearealet til deira son Ruben Tresvik Låstad. Han med familie har plan om å flytta hit og byggja seg hus på aktuelle tomt.



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Søkjar har nabovarsla søknaden på vanleg måte, det har ikkje kome inn merknad frå nabobar. Kart datert den 20.05.2022 viser omsøkt deling.

Byggjegrense mot kommuneveg er teikna inn på reguleringsplankartet for gjeldane område, søkjar og kjøpar av tomt er kjent med denne.

Det planlagte huset skal etter planen koblast til privat avløpsleidning som går ut i sjø i dette området. Huset må ha eigen slamskiljar eller samarbeide med andre hus i tråd med *Lokal forskrift for separate avløpsanlegg i Austrheim kommune*. Huset skal koblast til offentleg vatn via eksisterande kum i området. Det er viktig at tilkomstvegen får god frisikt i begge retningar (T-kryss), dette vert eit tema i byggjesaka og kan lett løysast.

Austrheim kommune ser at søknaden er i tråd med godkjent reguleringsplan for området, og kan godkjenne denne frådelinga til bustadtomt som omsøkt. Austrheim kommune legg til grunn at området vert frådelt i samsvar med reguleringsplan, og at det i oppmålingsforetninga vert teke omsyn til regulert fortau og regulert kommuneveg her. Detaljar omkring frådelinga vert teke i kartforretninga, men ny tomt må vera minimum 1,5 meter frå kommunevegen her.

Saka vert hermed oversendt til Austrheim kommune sin oppmålingsingeniør Alf Kvant.

Lykke til med vidare prosess i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

| | | | |
|--------------------|-----------------|------|--------|
| Ole Arvid Låstad | Tresvikvegen 52 | 5953 | FONNES |
| Åse Tresvik Låstad | Tresvikvegen 52 | 5953 | FONNES |